

## Jule-quiz på Systrene Nilsen.

27.11.2012



Nesjarane er eit trufast og sterkt lag på quizkveldane på Systrene Nilsen.(foto: Ola Matti Mathisen)

**Systrene Nilsen skal ha julequiz, og det er no bestemt at det vert laurdag 22.desember kl.19.30. Gunnhild Nilsen Hillestad seier at det verkar som om det er stor interesse, for dei begynte å få inn påmeldingar av lag alt før dagen for quizen var bestemt. Systrene Nilsen håper sjølvsagt på mange lag og god førjulsstemning.**

Systrene Nilsen lovar flotte premiar, og det kan vera inntil 5 personar på kvart lag. Påmelding skjer ved å sende e-post til [systrene.nilsen@gmail.com](mailto:systrene.nilsen@gmail.com) eller ringe tilf 910 02 207. Det kostar 50,-kr pr. deltakar.